SAMLA SAKSFRAMSTILLING
Tysnes kommune

Arkivsak : 16/911 -
Arkivkode: 540

Sakshandsamar: Haakon Haaland

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 90/16	FORMANNSKAPET	23.11.2016
PS 85/16	KOMMUNESTYRET	13.12.2016

KOMMUNEDELPLAN FOR VATN, AVLØP OG VASSMILJØ - PLANPROGRAM

Vedlegg: KOMMUNEDELPLAN FOR VATN, AVLØP OG VASSMILJØ - PLANPROGRAM

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld godkjenning av utkast til planprogram for kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø.

Førre hovudplan for avløp vart utarbeidd i 2000 og gjaldt for åra 2000-2005. Førre hovudplan for vatn vart utarbeidd i 1998 og gjaldt for åra 1998-2003. I følgje planstrategi for Tysnes kommune skal hovudplanen utførast med oppstart i 2016.

Kommunedelplanen vil bestå av to hovuddelar. Den eine delen omhandlar vatn og vassforsyning og blir utarbeida i samarbeid med dei private vassverka Tysnes vassverk og Uggdal vasslag. Den delen som omhandlar avløp blir utarbeida i samarbeid med kommunen.

Planfagleg konsulent for arbeidet er Asplan Viak AS som vart tildelt oppdraget etter ein anbodskonkurranse der det totalt blei levert to tilbod. Prosjektet blir leia og kvalitetssikra av representant frå det interkommunale selskapet Dihva IKS der Tysnes kommune er medeigar.

Det er oppretta ei arbeidsgruppe med representantar frå relevante kommunale sektorar som støttar arbeidet etter behov.

Hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø er ein kommunedelplan og det er derfor krav av plan og bygningslova av 2008 om eit planprogram med ein offentleg høyringsfrist på seks veker. Planprogrammet vert lagt ut på kommunen si heimeside, det vert annonsert oppstart av planarbeidet i lokalavisa og planprogram vert sendt til øvrige høyringsinstansar for kommunale planar.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i § 4-1 i plan og bygningslova vert planprogram for kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø godkjend slik det ligg føre og lagt ut til offentleg ettersyn.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 23.11.2016:

I samsvar med innstilling.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 13.12.2016:

I samsvar med framlegg frå formannskapet.